

IL Bjørn Handball

Årsmelding 2010.

IL Bjørn Handball har for sesongen 2010/2011 10 lag som er med på ordinært seriespel. I tillegg har me også tilbod om minihandball for aldersgruppa 9 år. På grunn av stor aktivitet har me ikkje fått tildelt nok halltid og dette har ført til at me ikkje har kunne starta trening for 8-åringane denne sesongen. Totalt er det med 128 utøvarar på treningar og kampar. Dette er ein nedgang på 33 stk frå sist sesong. For handballgruppa utgjer totale aktivitetstimar for gjennomførte treningar og kampar i 2010 om lag 13 000 timar, dette er om lag som i 2009. I tillegg kjem den tida som vert lagt ned av trenarar og lagleiarar.

Handballgruppa har dei siste åra hatt ei mål om å få til eit godt tilbod for gutar og har i år påmeldt lag for 9, 10 og 12 år. Vi ser at tal gute-spelarar er omtrent på same nivå som sist sesong. Med rett satsing vil laget kunne få eit endå betre tilbod for yngre ungdom(gutar) om ikkje så mange år.

Handballgruppa til IL Bjørn har i mange år hatt flest jentelag og denne sesongen har det vore tilbod for alle i aldersgruppa 9 – 16 år + damelaget. Aldersgruppa 15 år har ikkje eige lag men 15-åringane har kunna spela saman med 16. åringane. Det er også ei utfordring på jentesida å få dei til å halde fram ut over 14 – 15 år. Dessverre fekk ein utover hausten ein del fråfall av 16-åringane og dette medførte at laget måtte trekkast for vidare seriespel frå om lag 01. desember. Dette er spesielt beklageleg for dei som ønskjar og satse samt også for vidarerekrutteringa til seniorlaget. Etter at laget vart trekt har to spelarar meldt overgang til Sogndal Handball.

Vi har også denne sesongen seniorlag for Damer. Laget har prestert mange gode kampar og resten av sesongen blir spennande . Pr. 01.01 ligg laget på 6. plass i 5.divisjon avdeling 2. Av 5 spelte kampar har laget vunne 2 kampar, 0 uavgjort og 3 tap.

For dei aller yngste har ein størst fokus på at det skal være moro å spele handball. I dei eldste klassane er det naturleg at ein er meir oppteken av prestasjon og resultat. Resultatmessig så hevdar dei ulike laga seg rimeleg godt.

Ein prøver å legge til rette for at dei som er 12 år og eldre kan ha to treningar i veka. Dette har me stort sett lykkast med sjølv om det er utfordrande å få til ideelle treningstider for alle i idrettshallen. For enkelte grupper har vi måtte redusere litt på lengda på treningstidene for å få tidsskjemaet til å gå opp samt at vi ikkje har kunne hatt tilbod til dei som er 8 år.

Denne sesongen har vi hatt ein målsetting om å få fram fleire dommarar frå eigen klubb. Det var i november grunnkurs for nye dommarar i Gaupne der IL Bjørn hadde med 4 stk som fullførte kurset. Dette synes vi er veldig positivt og jentene som var på dommarkurset har allereie dømt fleire kampar. Satsing på å få fram fleire dommarar vil også bli vidareført i neste sesong.

I tillegg til dommarutdanning har vi også tre stk som har delteke på trenar 1 kurs. Av dei tre som var med på kurset fullført Tanita Opheim og Marte Bergum Hansen kurset og har no godkjenning som Trenar 1.

Etter at sesong er ferdig har det vorte ein tradisjon med felles avslutning for trenarar og lagleiarar. Då samlast me for kaffi og kaker og oppsummerar årets sesong. Her er stor oppmøte til denne kvelden der det også vert tid for ein kort oppsummering frå kvart lag.

Styret i Handballgruppa

Fram til årsmøtet 2009 – Svein Ove Slinde (Leiar), Trine Hess Elgersma og Heidi Bergum Hansen

Frå årsmøte 2009 – Svein Ove Slinde (Leiar), Trine Hess Elgersma og Linn Beate Sjølie

Styret har hatt 2 styremøtet i sesongen 2010/2011 der 1 møter var felles med lagleiarar og trenarar.

Handlingsplan

Handlingsplan for perioden 2010-2014 er oppdatert og det er god fokus på dei fleste delmåla – sjå vedlegg

Gaupne 07. januar 2011

Svein Ove Slinde

Leiar Handballgruppa 2010